

Økumenisk misjonsperspektiv

Frigjeringsteologien går mot forsoningsteologi

GUNVOR LANDE

Rundt 1970 strøynde nye tankar, frigjeringstankar, over verda og kyrkjene. Rett nok hadde fridom og rettferd for alle stått på dagsorden lenge, og gjeve seg utslag, i skipinga av FN, i menneskerettserklæringa og i politisk fridom for mange koloniar. Men frigjeringsstraumane rundt 1970 kom med det paradigmeskiftet som var med å endre perspektivet i verda: frå dei rike og mektige til dei fattige, marginaliserte og undertrykte, frå hierarki til likeverd, frå utnytting til integritet. Det var inne i hovudet på folk at endringa skjedde, og endringa skjedde med folk over heile verda. Dei nye verdiane var fridom, sjølvstende, likeverd og omsorg.

Innan kyrkjene fenga også frigjeringstankane. Uppsalamøtet Kyrkjeverdsrådet (KV) skipa til i 1968 sette spørsmåla om politisk fridom for den såkalla 3. verda på dagsordenen. Innan teologisk forskning kan ein tale om at fire teologiske frigjeringsstraumar voks fram¹:

- Frigjeringsteologi i ulike kontekstuelle former: latinamerikansk, sørafrikansk, koreansk etc. ,
- Økologisk teologi,
- Feminist-teologi,
- Menneskerettsteologi.

Alle desse fire har vore merkbare i vår del av verda. Men kor mykje gjennomslag har dei hatt, og har dei makta å endre vår tenkemåte grunnleggande?

Frigjeringsteologi

Det skulle vera frigjering og likeverd for rase, klasse og kjønn. Bibelordet i Gal. 3.28: «Her er ikkje jøde eller grekar, her er ikkje træl eller fri, her er ikkje mann og kvinne; de er alle ein i Kristus Jesus», vart drege fram og skulle nettopp seie noko om at perspektivet om inklusivitet og likverd var gammalt, om enn kampen og realiseringa var ny. Dessutan skulle naturen frigjerast og vernast.

Som ein frisk pust kom Freires frigjeringstankar og synte at skulle ein oppnå frigjering var det ikkje berre politisk kamp som måtte til.² Det handla også om indre frigjering. Den undertrykte måtte bli medveten om at for å bli fri, måtte ein ta oppgjør med det i deg sjølv som ynskje å bli som undertrykkaren: sterk, mektig, rik. Så lenge det ynsket ligg der, er ein fanga i undertrykkarens makt. Nelson Mandelas ord frå fangeskapet på Robin Island er mektige i så måte. Når fangevaktaren sa at Nelson Mandela var hans fange, protesterte Nelson Mandela og forklara fangevaktaren at slik var det ikkje, for hadde ikkje han, Nelson Mandela, vore der, så hadde heller ikkje fangevaktaren tronge vore der, altså var fangevaktaren den verkelege fangen!

Frigjeringsteologien lærde oss å sjå det sosiale og politiske perspektivet. I staden for å tykkje synd i dei fattige og undertrykte og gje dei almissehjelp og forbøn, skulle dei ut av fattigdom og undertrykking. Perspektivet i kyrkja skifta til "preferential option for the poor"³. Dei fattige og undertrykte kunne sjølve ta tak i sin sosiale situasjon og med Bibelen i hand analysere og omskape seg sjølve til fridomsmedvet og eigenverd og slik også omskape samfunnet.

I fastetida sat eg i Lund Domkyrkje og tok del i litaniet. Eg tenkte: tru kor mykje desse 30 år gamle tankane har prega og forma kyrkjespråk og bønepspråk i dag? Har det hatt nokon verknad? Eg fann at litaniet var ei bøn for dei fattige, om miskunn for dei i deira fattigdom. Men eg fann ingen ting om at dei skulle ut av sin fattigdom, ingenting om at undertrykkaren, den rike, den som har makta, måtte forandre seg. Kort sagt, bøna greip ikkje inn i den sosiale situasjonen, ho var ikkje forma ut frå "option for the poor."

Men då eg bladde litt i den svenske salmeboka⁴, fann eg denne kyrkjebøna som tydeleg er merkt av frigjeringsteologien: Når bøna er: *Hjälp alla hungriga, övergivna och hemlösa*, svarar kyrkjelyden: *Herre förbarma dig*. Men litt lenger framme blir bøn og

tilsvar uttrykt i frigjeringssteologisk ande: *Herre, befria oss*. Då ber ein: *Låt inte människor bli förtryckta, utnyttjade eller föraktade*, og kyrkjelyden svarar: *Herre, befria oss*. Fleire ledd følgjer der tilsvaret er *Herre, befria oss*, før det går over i bønner med eit tredje tilsvar: *Herre, bevara oss*.

Her ser ein tydeleg at frigjeringssteologien har påverka kyrkjესpråket og perspektivet i bønene.

Økologi og økonomi som frigjerings spørsmål

KV hadde på 80-talet sitt program for *Resource Sharing*. Der skulle begrepet «ressurs» redefinierast. Ikkje berre var «ressurs» pengar og makt samla i Vesten, men skulle også tyde medfødde, menneskelege ressursar som fanst i same mon i sør og nord. Både pengeverdi og menneskelege verdjar skulle telje med og gjera byte av ressursar jamnare. Innan dette KV-programmet, også i Noreg, drøfta ein konkret om dei som gav pengane til prosjekta i sør skulle ha sin rett til å følgje pengane heilt fram og sjå kvar det vart av dei - fordi ein hadde ansvar overfor dei grupper som gav pengane - eller om pengane skulle overleverast i tillit til ressurspersonane i sør til fordeling og forvaltning. Det var vanskelege spørsmål, men varsla eit skifte av perspektiv, frå Vesten som såg seg sjølv som sentrum, til den tidlegare periferien: konteksten i sør, som sjølv ville vera sentrum.

På 80-talet kom også KV programmet *Justice, Peace and Integrity of Creation* (JPIC), på norsk kalla *Rettferd, fred og vern om skaparverket*, som utslag av den økologiske teologien. Dette initiativet var også nytt på den måten at rettferd, fred og vern om skaparverket skulle vera perpektiv på alt som vart gjort i KV, ikkje berre eit eige program ved sida av mange andre. JPIC fekk derfor stor innverknad. Her vart første trusartikkel og forvaltaransvaret fokusert i eit frigjeringsperspektiv. Fordi menneske har gjort seg til herre over naturen, over Guds skaparverk, og utnytta naturen, må naturen bli frigjord. Naturen er vårt livsgrunnlag. Menneske må leva i samsvar med naturen for å få liv og framtid på jorda. I våre land med så sterk ein folketradisjon på spørsmåla om synd, nåde og eit evig liv er dei eigentlege teologiske spørsmåla, var dette uvande tankar. Men mange unge som hadde miljøengasjementet inne frå før, fann det inspirerende at den verdsvide kyrkja kunne ha eit slikt jordnært perspektiv. Skiftet av fokus, frå andre til første trusartikkel, er heller ikkje

noko nytt innan den tradisjonelle teologien, endå om det kjendest nytt.

Men har dette teologiske miljø-engasjementet omskapt oss og kyrkjjas haldning til desse spørsmåla? I nyare kyrkjelege program er vern om skaparverket ofte ikkje teke med. Var det berre eit blaff?

Kvinneteologi i kyrkjene

I KV fekk også feminist-teologien sitt nedslag i *Det okumeniske tiåret - 1988-1998 - Kyrkjer i solidaritet med kvinner*. Også her var det visjonen om frigjering som var den berande, frigjering frå ein teologi som rangerte menneske etter den verdi kjønnet var tillagt, og gav kvinner ein underordna plass i kyrkje og samfunn.

Både i våre nordiske land, der likeverd og formell likestilling i samfunn og kyrkje er komen eit godt stykke på veg, og i andre land og kyrkjer der noko slikt som kvinners likeverd og likestilling ligg langt bortom det rådande patriarkalske menneskesynet, har tiåret hatt nok å ta i tak med. Igjen er det frigjeringsstenkinga som er utfordringa. Endå i dag vil mange hevde: er det kanskje ikkje slik at Gud sjølv (Han!) har skapt mennesket i sitt bilete slik at mannen står over kvinna! Det er utruleg så mange etterlevningar ei slik tenking har også innan vår kyrkje. Trass i dei mange vedtak Kyrkjemøta i 1988 og 1990 gjorde for «å sikre jamnare kjønnsfordeling på alle plan»⁵, går det seint. Likevel er det merkeleg å sjå t.d. kvinneprest-spørsmålet i eit tidsperspektiv: Då frigjeringsstraumane var i si byrjing, var ein av dei norske biskopane for å ordinere kvinner til prestar. I dag er ingen av bispane mot ordinasjon av kvinner.

Menneskeretts- og menneskeverds-teologi

Spørsmålet om menneskerett og menneskeverd, den fjerde teologiske frigjeringsstraumen, er grunnleggande for alle dei andre teologistraumane, men får innan sin eigen straum eit eige fokus. Kan kyrkje og teologi samstemme i det FN's menneskerettserklæring seier, at alle menneske er likeverdige, utan omsyn til rase, klasse og kjønn og andre ting som kan setja skilje? Er det beint av slik at denne likeverdstanden sjølv kjem frå Bibelens bodskap, men har måtta gå ein lang omveg for så å koma inn att i kyrkja via dei rørsler som har late seg inspirere av denne tenkinga? Men dersom ein argumenterer med at menneska har likeverd, så må det av det følgje visse rettar knytt til menneskeverdet.

I Den norske kyrkja kan mange av dei vanskelegaste sakene i desse tretti åra sidan 1970 reknast til menneskeretts-teologien og til kampen for frigjeringsstrøymane ut frå menneskeverdet. Kyrkja har vedkjent sine synder og bede samane om orsaking for aktiv diskriminering gjennom lang tid. Seinare kom orsakingane til romani-folket og til tyskerborna.

Det ser ut til at menneskeretts-teologien utfordrar og testar ut den kristne fellesskapen på ein annan måte enn dei tre andre frigjeringssteologiske strøymane. Saka det gjeld blir eit kriterium for å avgjera gehalten i den kristne fellesskapen, og standpunkt i saka blir brukt til å avgjera om den kristne fellesskapen er sann eller ikkje sann.

Lenge vart spørsmålet om kvinners fulle og likeverdige deltaking i den kristne fellesskapen brukt som kriterium for å skilje mellom sann og usann kristen fellesskap. Men etter dei vedtaka Kyrkjemøtet gjorde i samband med Det økumeniske tiåret kan ein *ikkje* hevde at når kvinner er del av preste- og leiarskapet i kyrkja, så er ikkje kyrkja lenger ein sann kristen fellesskap. Kyrkja er likevel ikkje heilt nådd fram til det motsette standpunktet: at dersom kvinner *ikkje* er inkluderte i preste- og leiarskap i kyrkja, så er det *ikkje* ein sann kristen fellesskap.

I dag står eit nytt menneskeverds-spørsmål på dagsorden, brukt som eit kriterium for å skilje mellom sann og usann kristen fellesskap. Også denne gongen er saka relatert til menneskeverd og menneskerett og har antropologisk og seksuell karakter. Det gjeld spørsmålet om homofili.

Oppsummerande om frigjeringsstrøymane

Frigjeringsstrøymane som kom med paradigmeskiftet rundt 1970 har hatt sin påverknad, har sett andre slag spørsmål på dagsordenen og gjort det med andre perspektiv enn før. Menneskeverdstanden ligg i botnen på det heile, og innan kyrkja er frigjeringsperspektivet knytt til og motivert av skapings-teologi. Hierarkisk, patriarkalsk tenking og handling må bort. I staden kjem visjonen om ein ny fellesskap med likeverd, respekt og omsorg for kvarandre - kven dei så er og kvar dei så bur, og for den naturen som gjev livsgrunnlaget. Frigjeringsstrøymane handlar om kamp mot og kamp for noko. Også dei teologiske frigjeringsstrøymane har ført til kamp om konkrete saker i konkrete kontekstar - også innan vår kyrkje.

Noko har desse frigjeringsstraumane nådd, og noko er forandra på desse 30 åra. Men all forandring tek tid. Når det no kjem eit skifte, bygger det som kjem på det desse teologiske frigjeringsstraumane førde med seg. Me byjar ikkje der me var rundt 1970.

Skifte til forsoningsteologi

Det ser ut til å skje eit teologisk skifte i verda no. Det kjem gradvis, men likevel - brått blir det klart at andre straumar rår. No kan det ikkje udelt seiast lenger at det er frigjeringssteologien som inspirerer og fenger, det nye er heller forsoningsstraumar som gjev seg utslag i forsoningsteologi. Kva har skjedd og kva er konsekvensane?

Kanskje den einskildfaktoren som har hatt mest å seia for at konteksten no har skifta er kommunismens samanbrot symbolisert ved årstalet 1989. Verda var inntil då basert på ei spenning mellom marxistisk-antikolonialistisk kamp og Vestens dominans. Dette vart erstatta av Pax Americana. Når spenninga fell vekk, må ein få mange forsoningsprosessar i stand. Då er ein ikkje lenger del av ein todelt kampmodell, men må lære seg å leve saman. Etter 1989 har verdsmakta, Kina så vel som USA, basert seg på å leve saman. Då er det ikkje lenger så mykje basis for konflikt-tenking, då trengst forsoning.

Liknande situasjonar har ein sett mange stader i verda. Sør-Afrika hadde t.d. si sereigne form for frigjeringssteologi, black theology, som var sterk i kampen mot apartheid. Så fall apartheid, frigjeringskampen hadde ført fram, det vart nødvendig å kunne leve saman. Andre konflikhtar i verda har sett det same, t.d. i det tidlegare Jugoslavia, Nord-Irland og Ruanda-Burundi. Ein må kunne leva forsona saman, elles kan frigjeringskampen i si yteste form føre til utsletting.

Ut frå dei kontekstuelle behova i situasjonen blir det kristne svaret på krisa å skape forsoning. Det kontekstuelle behovet leier til andre svar enn frigjeringskamp. Men noko har ein lært gjennom frigjeringskampen, noko tek ein med seg vidare: Ein har lært at å løyse konfliktane ved å gjera nokon til overordna og andre til underordna, det er inga varande løysing. Konfliktane må derfor løysast med respekt og likeverd til begge sider. Det er den dyrekjøpte lærdomen frå frigjeringskampen.

I frigjeringssteologiske miljø i Latinamerika stiller ein kritiske indre teologiske spørsmål: Kunne frigjeringssteologien ha kome

lenger? Hadde ein kome til ei grense for kva ein kunne oppnå politisk? Gjennom frigjeringskampen oppdaga ein at frigjeringsbegrepet var vidare enn det politiske. Det går over i den kulturopne frigjeringa der forsoning kanskje blir ein viktigare del. Forsoning blir ein variant av frigjering. Når ein i Latinamerika ikkje kan forandre meir på den «store» politiske frigjeringa, arbeider ein vidare med å skape rom for «små» frigjeringar. Då må ein akseptere at fleire typer grupper lever saman og skal leve saman. I det pluralistiske samfunnet kjem frigjeringa til ei grense, og kryssar då over grensa, til forsoning.

Frigjeringsteologien sprang fram i modernismens todelte verd. I den verda stod kampen om sanninga, mi eller di. Men i den postmoderne og pluralistiske verda gjeld det meir om å knyte linjer og nettverk (internet!) mellom grupper. Det handlar ikkje berre om kamp mellom gruppene, men også om *relasjon* mellom gruppene. Overgangen frå frigjering til forsoning heng saman med overgangen frå modernisme til postmodernisme.

Spørsmålet om frigjering og frigjeringsteologi er ikkje borte. Det er framleis ein viktig impuls innvevd i forsoningsprosessane. Spørsmåla om respekt og likeverd som vart påbyrja i modernismens frigjeringskamp held fram i den meir plurale, postmodernistiske situasjonen der det gjeld om å leve saman for å overleve.

Litteratur:

Barry, T. (1990): *El Salvador: A Country Guide. The Inter Hemispheric Education Resource Center*, New Mexico.

Den svenska psalmboken av 1986.

Freire, P. (1970/1974): *De undertryktes pedagogik*, Gyldendal, Oslo.

Kirkerådet (1999): *Rapport fra Det økumeniske tiåret 1988-1998*, Kirkerådet, Oslo.

Schreiter, R.J. (1997): *The new Catholicity. Theology between the Global and the Local*. Orbis, New York.

Noter

1. Schreiter 1997.
2. Freire 1970/1974.
3. Den katolske biskopskonferansen av latinamerikanske biskopar 1968 vedtok å arbeide for dei fattige. Barry 1990.
4. Den svenska psalmboken av 1986, nr.700:2.
5. Rapport fra Det økumeniske tiåret 1988-1998, Kirkerådet 1999.

Gunvor Lande, f.1937, lic.theol, førstelektor ved Høgskolen i Agder, har erfaring frå misjonsarbeid i Japan, frå konsulentarbeid i IKO og Mellomkyrkjeleg Råd, frå LVF's kvinnearbeid og frå undervising ved Selly Oak Colleges, Birmingham, England, har vore stipendiat i Lederopplæringsrådet og prosjektleiar i Kyrkjerådet for Leiarutvikling for kvinner. Div. publikasjonar og artiklar innan misjon og økumenikk, kvinneteologi og praktisk teologi.

From Liberation Theology towards a Theology of Reconciliation

Since the 1970's shift to a Liberation paradigm, four flows of Liberation theology have made an impact worldwide as well as in our Nordic context: Liberation theology in its Latin American, South African and Korean form; Ecological theology; Feminist theology and Human rights' theology. They were all part of the dualistic modern world's struggle against oppression, domination and subordination, to gain freedom and respect for all.

The collapse of the communist world has among other factors contributed to a change of model. In the pluralist postmodern world of today people need to seek reconciliation in order to survive. However, this may be achieved not by offering hierarchical solutions to the conflicts, but by solutions built on respect and equality. In the reconciliation processes, what was gained during the paradigm of liberation, must be carried over and included in the new area.